

Emnerapport haust 2019

Emnekode og navn: NORAN602 – Norsk språk som andrespråk (fjernstudium)

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: To faglærarar. Den eine faglæraren var emneansvarleg og hadde ansvar for 6 av totalt 7 modular. Den andre faglæraren hadde ansvar for Modul 2, herunder rettleiing av oppgåvene i modulen. Semesteret vart gjennomført som planlagt.

Tilgang til relevant litteratur: Ingen rapporterte problem.

Karakterstatistikk og gjennomføringsprosent

A: 4
B: 14
C: 23
D: 16
E: 11
F: 4

	Oppmeldt	Møtt	Bestått	Strykt	Snittkarakter: C
Antall	78	72	68	4	
%	100	92	87	5	
%		100	94	6	(Tallene baseres på alle resultatene for eksamen)

Faglærer si vurdering av rammevilkåra

Endringar i eksamensordninga og arbeidskrava til emnet alt for seint oppdaterte/retta på nettsidene til emnet på uib.no, noko som skapte mykje forvirring og frustrasjon, då studentane ser ut til å forhalda seg til sistnemnde, medan dei tilsette i stor grad forhold seg til førstnemnde. Oppdatering av dei ulike nettsidene skjer i heilt ulike avdelingar, og dermed kan det dessverre oppstå glippar av denne typen.

Faglærer sin kommentar til studentevalueringane

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via den private e-posten deira. Det var i alt 25 respondentar av dei totalt 54 som fekk tilsendt spørjeskjema, noko som utgjer ein svarprosent på 31 %.

Studentane vart for ti av spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ. Resultata av desse ligg som vedlegg til dokumentet.

I tre av spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Fritekstspørsmåla og responsane på dei er oppsummert nedanfor.

Spørsmål: Er det noko i undervisinga du er spesielt godt nøgd med?

Her trekkjer mange fram opplegget/strukturen til studiet: at det er ryddig og gjennomorganisert. Somme nemner kollokvia spesifikt. Vidare nemner fleire undervisningsmateriellet eller delar av det: lydfiler, videoar, nettleksjonar, oppgåvesett med løysingsforslag osv. Somme trekkjer fram pensum og innhald meir generelt. Ein respondent skriv at det var lærerikt å skriva oppgåve, ein annan trekkjer fram mogelegheit for å stilla spørsmål til faglærer.

Spørsmål: Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?

Her trekkjer mange fram betringspotensialet til dei tekniske løysingane, særleg knytt til nettkollokvia. Ein del kommenterer at pensum er for stort. Somme peikar på at det til tider var for kort tid til å gå gjennom alle spørsmåla på nettkollokvia. Fleire kjem med framlegg til endring av opplegget for nettkollokvia, som meir tid, meir fleksibelt opplegg, andre tekniske løysingar, meir involvering av faglærer, fjerna obligatorikk. Nokre etterlyser nettførelesingar. Ein respondent etterlyser forklaringar av analysetre i undervisningsmateriellet. Ein annan ønskjer meir tid til dei mest krevjande modulane. Ein del vil ha fleire videoar og lydfiler, og somme ønskjer at dei eldste videoane vert bytte ut. Ein respondent er kritisk til eksamensordninga og føreslår heimeeksamen. Eit par respondentar ønskjer mogelegheit til å ta med hjelpemiddel på eksamen. Ein respondent meiner at Modul 2 har betringspotensial. Ein respondent saknar meir pensumstoff som tek for seg andrespråksperspektivet på norsk grammatikk. Betringspotensial ved informasjonsorganiseringa i emnesidene på Mitt UiB og eit tilfelle av manglande oppdatering av informasjon på nettsida til emnet på uib.no vart trekt fram av ein respondent.

Spørsmål: Har du andre kommentarar til emnet?

Her er det nokon som kommenterer tema som òg dukka opp i førre spørsmål, nemleg at pensum vert opplevt som for stort, at den tekniske løysinga knytt til nettkollokvia har betringspotensial, at faglærer ikkje er involvert i sanntid i nettkollokvia, og at informasjonen om eksamensordninga ikkje vart oppdatert på uib.no. Ein respondent etterlyste meir fokus på korleis teoristoffet kan nyttast i praksis, ein annan sakna eit større framandspråksperspektiv og var kritisk til den nye grammatikkboka i så måte. Eit par andre kommenterte av semesteret hadde vore krevjande/intenst. Nettkollokvia vart kommenterte av eit par respondentar, ein skreiv at dei hadde variabelt utbyte, knytt til graden av innsats medstudentar la ned i dei, ein annan skreiv at responskollokvia var meir utbyterike enn diskusjonskollokvia. Dei andre kommentarane dreier seg om ymse ros, som god oppfølging/ivaretaking frå dei Prisme-tilsette, raskt svar på e-postar, god logikk i opplegget, nyttig, lærerikt og inspirerande studium og bra opplegg.


Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Først og fremst er det verdt å peika på at 80 % av respondentane kryssar av for at dei er 'svært nøgd' (32 %) eller 'ganske nøgd' (48 %) med emnet.


Dei tekniske løysingane som er brukte i samband med nettkollokvia er ikkje optimale, og ein bør undersøka kva alternativ som finst. Eventuelle nye løysingar bør vera driftssikre og enkle å ta i bruk for studentane. Nye teoretiske videoar er under utvikling og vil bli tilgjengelege neste gong emnet vert gjennomført. Organiseringa av informasjon er noko ein må jobba kontinuerleg med å betra.

Vedlegg: Resultat av avkryssingssvar


Generelt sett, kor nøgd er du med emnet?




Framstår emnet som eit heilskapleg kurs? (Samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema, pensum)




Kor nøgd er du med pensum?




Kor stort læringsutbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?




Var pensummengda tilpassa kurset sitt omfang?




Kor nøgd er du med undervisningsmateriellet i emnet?




Kor stort læringsutbytte har du hatt av undervisningsmateriellet i emnet?




Generelt sett, kor stort læringsutbyte har du hatt av å følgje nettkollokvia?



Kor nøgd er du med rettleiinga på den obligatoriske oppgåva?



I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som fristar, eksamensordningar osv.?



Samlet status

